



Tokke

Oppvekst, kultur og idrett



Årsplan generell del 2023-2026

1.0 Innleiing

Årsplan for barnehagane i Tokke

Årsplan er eit dokument som alle barnehagane skal utarbeide og som har fleire funksjonar. Jfr. Lov om barnehagar og rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

Årsplan skal:

- Sikre samanheng i borns læring og oppleving i barnehagen.
- Vere eit arbeidsreiskap for å styre verksemda i ein bevisst og uttalt retning.
- Vere utgangspunkt for føresettes høve til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- Vere grunnlaget for kommunens tilsyn med barnehagen.
- Gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til eigar, politikarar og kommune.

Årsplan skal lagast på grunnlag av barnehagelova, rammeplan, kommunale vedtekter og evaluering av førre årsplan.

I Tokke består årsplan for barnehage av to delar:

Ein generell del som gir overordna felles føringar for alle barnehagane i kommunen. Innhald og prioriteringar drøftast i leiargruppa for oppvekst. Generell del blir lagt ut på heimesida under felles planar barnehage.

Ein lokal del som gjeld den enkelte barnehage sitt faglege og pedagogiske innhald. Den lokale delen skal syne korleis barnehagen, ut frå den generelle delen vil jobbe inneverande barnehageår. Innhaldet i lokal del er tema på foreldremøte, personalmøte og samarbeidsutval. Planen blir utarbeidd av styrar i samarbeid med pedagogisk personale og godkjennast av barnehagens samarbeidsutval. Lokal del blir lagt ut på heimesida under den enkelte barnehage.

1.1 Ansvar og roller

Kommunalsjef for oppvekst har som eigar det overordna ansvaret for at barnehagane blir drive i samsvar med lovar og regelverk.

Kommunalsjef for oppvekst har som mynde og føre tilsyn med at barnehageeigar følgjer barnehagelova.

Styrar er gitt det daglege ansvaret for at det pedagogiske arbeidet er i tråd med barnehagelov og rammeplan, og for at personalet utviklar ei felles forståing for oppdraget som er gitt.

Den pedagogiske leiaren er gitt ansvaret for å setje i verk og leie det pedagogiske arbeidet i tråd med godt fagleg skjønn.

Årsplanens generelle del blir fastsett av kommunesjef i samråd med styrarane i kommunen sine barnehagar. Den lokale delen blir fastsett av den enkelte barnehage sitt samarbeidsutval.

1.2 Barnehagane våre

	<p>Høydalsmo barnehage Nyopna barnehage august 2022 med plass til 36 born. Barnehagen er organisert på to avdelingar, Tuss og Troll.</p> <p>Barnehagen ligg nært til sentrum, skule, og skianlegg.</p>
	<p>Dalen barnehage Barnehagen på Dalen er bygd for 108 plassar og ligg nært til sentrum, skule, bibliotek, idrettshall og basseng.</p> <p>Barnehagen er organisert på fire avdelingar, Maur, Jerv, Rev og Bjønn .</p>
	<p>Byrte barnehage Barnehagen er ein del av Byrte samfunnshus med flotte turområde, badeplass og skiløyper i nærleiken.</p> <p>Barnehagen består i dag av ei avdeling med born frå 1 til 5 år, og den er open måndag, tysdag, onsdag og fredag.</p>
	<p>Åmdals Verk barnehage Barnehagen ligg flott til i sentrum av bygda i nærleiken av skianlegg</p> <p>Barnehagen består i dag av ei småbarnsavdeling med born frå 1 til 3 år, og er open 5 dagar i veka.</p>

2.0 Formål og innhald

Lov om barnehagar, kap.1 §1 Formål

«Barnehager skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanetisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livvsyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barn skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenner barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».



For å sikre at alle born får eit tilbod i tråd med barnehagelova skal alle tilsette i Tokkebarnehagen:

- Kjenne krava barnehagelova og rammeplan stiller til barnehagetilbodet.
- Gjennomføre observasjonar og delta aktivt i refleksjonar over barnehagemiljøet.
- Samtale med borna og lytte til dei.
- Vere ein vaksen med tydelege grenser som hjelper born til å fungere i fellesskapet.
- Reflektere over eigen praksis og barnehagens praksis i lys av ny kunnskap og forskning.

Barne og ungdomsplan for Tokke kommune 2021 – 2025

Tokke kommune har utarbeidd ein barne og ungdomsplan som er gjeldande til 2025.

Overordna mål :

- I Tokke kommune skal alle barn og unge oppleve ein god og trygg oppvekst.
- I Tokke kommune er barn og unge viktige for oss. Dei kan og vil – berre dei slepp til.
- I Tokke kommune har alle barn og unge rett til å høyre til eit fellesskap i barnehage, skule og fritid.



Lisa Aarås


Trygt og godt barnehagemiljø

I januar 2021 vart det innført endringar i barnehagelova. Endringane skal sikre at barn opplever barnehagen som ein trygg og god stad å vere. Ved innføringa av dei nye reglane, leggest fokuset på barnet sin heilskapsoppleving av tryggleik og trivsel.

Barnehagen har etter barnehagelova §§ 41–43 vidtgåande plikter når det gjeld å arbeide systematisk med å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø.

I Tokkebarnehagen skal ein jobbe slik for å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø:

- Følgje handlingsplan mot mobbing i Tokke barnehagen.(link til..)
- Nytte grunnlaget som ligg i IBSM(inkluderande barnehage og skulemiljø)
- §§ 41,42 og 43 skal vere fast tema på avdelingsmøte, personalmøte og planleggingsdagar.
- Trygge vaksne som er tydelege rollemodellar(**plikt til å fylgje med**)
 - gripe inn og stoppe krenkingar med ein gong
 - sei frå til styrar i barnehagen (**plikt til å melde frå**)
 - undersøke kva som har skjedd(**plikt til å undersøke**)
 - sette inn tiltak og lage ein plan for å sørge at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø(**plikt til å sette inn tiltak**)
- Systematisk observasjon og bruk av sosiogram.
- Aktiv bruk av meldeskjema.
- Barnesamtala
- Kompetanseutvikling i personal – leik som regulering.
- Godt foreldresamarbeid.



2.1 Barnehagens innhald

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

Desse verdiane skal vere førande for vår praksis i dagleg arbeid med barna, føresette og personalgruppe



Innhald	Som ansatt i barnehagen skal eg som vaksen
<p>Omsorg</p> 	<ul style="list-style-type: none"> • bidra til å dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile • leggje til rette for at barna kan knyte seg til personalet og til kvarandre • sørge for at alle barn trivst, føler seg trygge og kjenner at dei høyrer til i barnehagen • møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn • vere lydhøyre for kva barna uttrykkjer, og prøve å oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte • støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg • bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre
<p>Leik</p> 	<ul style="list-style-type: none"> • organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik • bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketema • fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik • observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premissar • rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster • vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken • ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken
<p>Danning</p>	<ul style="list-style-type: none"> • leggje til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna • støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet



- synleggjere og verdsetje ulike behov, meiningar og perspektiv i fellesskapet
- leggje merke til, anerkjenne og følgje opp barnas perspektiv og handlingar
- utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar
- synleggjere og framheve mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforskning og læring

Læring



- sørgje for eit inkluderande fellesskap og leggje til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring
- leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna
- vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringslyst og tiltru til egne evner
- utvide barnas erfaringar og sørgje for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen
- støtte barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og meining saman med dei
- sørgje for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevinga

Vennskap og fellesskap



- støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner
- samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over egne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- støtte barna i å setje egne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster

Kommunikasjon og Språk



- anerkjenne og responderer på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka til barna og støtte språkutviklinga deira
- stimulere den verbale og ikkje-verbale kommunikasjonen til barna og leggje til rette for at alle barn blir involverte i samspel og samtalar
- sørgje for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og kjensler
- vere bevisste på rolla som språkleg førebilete og vere lydhøyre i kommunikasjon med alle barn
- følgje med på kommunikasjonen og språket til barna og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling
- bidra til at språkleg mangfald blir noko positivt for heile barnegruppa, støtte fleispråklege barn i å bruke morsmålet sitt og samtidig aktivt fremje og utvikle den norsk-/samiskspråklege kompetansen til barna

Livsmestring og helse



- bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi
- gje barn støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler
- vere med å skape ein arena for dagleg fysisk aktivitet som stimulerar rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna.
- tilby barna variert, sunn og næringsrik mat, kor barna er deltakarar i førebuingar kring måltid.
- ha eit medviten forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, og vite korleis du kan førebyggje og oppdage dette.
- Kjenne til opplysningsplikta til barnevernet

Barns medverknad




- sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen.
- vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.
- Sikre at alle born blir sett og får respons. Vere fleksibel og lydhør ovanfor barns innspel og initiativ.
- Gje barn høve til å meistre gjennom å få ansvar

Fagområda og progresjon



- Barn er heile tida i kontakt med eit eller fleire av fagområda. Dei forskar og undersøker og finn samanhengar på eiga hand.
- Barnehagen skal sjå fagområda i samheng og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av barnehagens innhald.
- Barnehagen skal legge til rette for barns rett til medverknad blir ivaretatt i arbeidet med fagområda.
- Fagområda er i stor grad dei same som barna vil møte seinare som fag i skulen.

Tryggleikssirkelen



Som vaksne skal me **alltid** hugse på å vera:

STØRRE: Større enn barnet, du kan ta grep, organisere, planleggje, førebu og ha kontroll på situasjonen. Når barnet kjenner at du som vaksen er større på denne måten, vil dei kjenne seg trygge!

STERKARE: Sterk nok til å beskytte barnet fysisk, men og sterkare enn barnet kjenslemessig. Når barnet blir stressa, redd, sint eller frustrera, må dei vaksne har styrke nok til å stå i dei vanskelege kjenslene. Når me vaksne gjeng ned på sama nivå som barnet, t.d. blir like» ute av oss» som barnet, merkar barnet at me blir svake og kan kjenne seg utrygg.

KLOKARE: Barn treng vaksne som forstår meir enn dei, som kan forklare kva som skjer rundt dei. I vaksne si forståing og kunnskap ligg og mogelegheita til å forstå kva som skjer med dei emosjonelt. Når den vaksne kan seta ord på det barnet kjenner og gje det ei utvida forklaring på reaksjonen sin, vil barnet både roe seg raskare, og samtidig bli betre kjent med seg sjølv og sine egne følelsar. Å vere klokare saman med barnet handlar og om å balansere det å vera større og sterkare enn barnet, samtidig behalde godheita. Altså: setja grenser, sei nei og ta tak, men utan å vere skremmande eller krenkande ovanfor barnet.

GOD: Med godheit meiner me at barnet opplever oss som venlege og snille. Å behalde godheita i dei situasjonane me må seta grenser og ta tak, styrkar barnets sjølvkjensle og verdigheit på ein grunnleggande måte. Det gjer og at barnet lettare vil høyre på deg. Utan godheit, kan me koma til å virke skremmande på barnet

3.0 Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Nemningane «hjemmet» og «foreldrene» omfattar òg andre føresette.



Innhald	Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra gjennom:
Levering og hentesituasjonen er naturlege situasjonar for kontakt mellom føresette og personal	<ul style="list-style-type: none"> • Lytte til foreldra sine erfaringar, behov og ynskjer for barnet og ivareta desse i den daglege omsorga • Bidra til at samarbeidet mellom heimen og barnehagen alltid har barnets beste som mål • sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet
Legge tilrette for kontaktpunkt ved ulike høve gjennom året	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal gjennomføre to foreldresamtaler gjennom året, ein på haust og ein på våren • Barnehagen tilbyr trekantsamtaler på våren for barna som skal over i skule • Møter i foreldreråd (FAU) og samarbeidsutval(SU) for å sikre foresattes medverknad
Gode rutiner for informasjonsflyt internt på avdeling og i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> • Nytte barnehagens plattform Visma flyt barnehage som informasjonskanal • Barnehagen si heimeside
Formidle barnehagens forventingar til samarbeidet rundt barnet på ein tydeleg måte	<ul style="list-style-type: none"> • Dette forventar barnehagen av deg som føresett og dette kan du forvente av barnehagen. Jfr. Lokal plan

3.1 Samarbeid med andre

Alle einingar i oppvekst samarbeider om barn og unge gjennom BTI-modellen. (Betre tverrfagleg innsats). <https://tokke.betreinnsats.no/>

Barnehagane har fast samarbeid med ulike fagetatar. For born ein er uro for og som treng ekstra oppfølging er dette dei instansane vi samarbeidar oftast med:

Instans	Samarbeid
Helsestasjon	<ul style="list-style-type: none">Barnehagen har fast kontaktperson på helsestasjonen for born 0-6 år.Helsestasjon kallar inn til to samarbeidsmøter i året med styrarar frå alle barnehagane.
Pedagogisk Psykologisk tenestekontor (PPT) http://www.vesttelemarkppt.no/	<ul style="list-style-type: none">PPT og barnehagen har faste samarbeidsmøter . Forum for systemretta arbeid barnehage (FSB) der ein drøftar alternative tiltak. Tidleg innsatsmøte der ein evaluerar tiltaka ein blei einig om i FSB.Det er om lag 4 møter pr. halvår.Det er barnehagen som kallar inn til desse samarbeidsmøta.
Barneverntenesta	<ul style="list-style-type: none">Barnehagen er pliktig til å melde bekymring til barneverntenesta etter barnehagelova §46
Helsestasjon, psykisk helse og kommunepsykolog	<ul style="list-style-type: none"><u>Barne og ungdomsteamet</u>: Rask og tilgjengeleg hjelp på eit tidleg tidspunkt. Oppvekst og helsestasjon melder inn saker etter behov.

4.0 Overganger

Innhald	Overganger i barnehagen
Tilvenning – for nye barn og føresette	<ul style="list-style-type: none">Tokkebarnehagen har eigen plan for tilvenning Målet med perioden er å gjere barn og foreldre så trygge på barnehagen, at det kan opplevast greitt å skiljast.
Bytte av avdeling	<ul style="list-style-type: none">Når barn skal bytte avdeling legg ein til rette for regelmessig besøk, overføringsmøter mellom avdelingane og foreldresamtale.
Overgang til skule og SFO	<ul style="list-style-type: none">Tokkebarnehagen har eigen plan for overgang til skule og SFO Ansvar for at planverket blir fylgt er delegert til styrar og rektor

5.0 Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planlegge, vurdere og dokumentere det pedagogiske arbeidet. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen.

Innhald	Barnehagens som pedagogisk verksemd
Planlegging	<ul style="list-style-type: none"> Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom som td. årshjul og temaplanar. For å synleggjere dagleglivet i barnehagen og sikre god informasjonsflyt ut til foresatte, nyttar ein Visma flyt barnehage.
Vurdering	<ul style="list-style-type: none"> Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Tokkebarnehagen deltek i barnehageforum der ein får kompetanseheving rundt framtidens barnehage, som ein tek med inn i det pedagogiske vurderingsarbeidet.
Dokumentasjon Verktøy me nyttar Språk 5-6 (alle 5/ 6 åringar får tilbod, føresette kan reservere seg)	<ul style="list-style-type: none"> Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. For å synleggjere dagleglivet i barnehagen og sikre god informasjonsflyt ut til foresatte, kan ein nytte pedagogisk informasjon som td. bilete/foto eller anna oppslag i barnehagen som er synleg for foresatte. Observasjon er vårt vanlegaste hjelpemiddel for å få fagleg innsikt i barnas trivsel og utvikling, samt sjå progresjon hjå det enkelte barn. <p>Språk 5-6 er ein screeningtest for språkvanskar i aldersgruppa 5- 6 år. Føremål: Identifisere barn med mogleg språkvanske. Det er spesialpedagog i kommunen som utfører dette.</p>
Alle med (Alle barn)	Observasjonskjema som dekker seks utviklingsområde: Språk, leik, sosio-emosjonell, kvardagsaktivitet, trivsel og sansemotorisk utvikling.
TRAS (Etter behov)	<p>TRAS har åtte ulike språkområde:</p> <p><u>Det blå området</u>: Samspill, kommunikasjon og merksemd som er knytt opp til brukssida av språket.</p> <p><u>Det røde området</u>: Språkforståing og språkleg medvit som representerer innhald- og medvitet rundt språk.</p> <p><u>Det grøne område</u>: uttale, ordproduksjon og setningsproduksjon som er formsida av språket.</p>

Styringsdokument:

-Barnehagelova

[lov om barnehager nynorsk - Søkeresultat - Lovdata](#)

-Barnehagens vedtekter

-Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver

[rammeplan-for-barnehagen---nynorsk-pdf.pdf](#)

Kommunale planar:

Tokke kommune sin oppvekstplan

-Plan for overgang barnehage til skule

[Felles planar og informasjon for barnehagane - TOKKE KOMMUNE](#)

-Plan for oppstart og tilvenning

[Felles planar og informasjon for barnehagane - TOKKE KOMMUNE](#)

- Liv og røre I Tokkebarnehagane

[Liv og røre i Tokkebarnehagane - TOKKE KOMMUNE](#)